

## Quiz ved butikkjubileum

16.10.2012



Hjørdis Nilsen er ein institusjon i butikken. Men er ho 60, 70 eller 80 år?

**Det skjer stadig noko ved Uskedalens landskjente butikk og no blir det skikkeleg markert at det er 50 år sidan butikken vart opna i bygget som nyleg er utvida.**

**Quiz er stadig populært og denne veka blir kundane stilt 11 spørsmål som verkeleg er noko å bryne seg på. Premien er naturlegnok godsaker frå butikken.**

**Vi tek eit lite utdrag av spørsmåla som du kan svara på i butikken medan du tek ein liten rast i happy corner:**

\* Var Vigdis Schulz, Else Kjærland eller Berit M. Guddal den fyrste ansatte butikkdama?

\* Har Kari og Inger jobba i butikken i 9, 11 eller 10 år?

\* Har 35, 27 eller 31 ungdommar jobba i butikken frå 1995?

\* Var forrige utbyggjing i 1998, 2002 eller 2004?

\* Sel dei mest banan, appelsin eller eple?

\* Sel dei mest Ali, Evergood eller Friele kaffi?

\* Er gjerdet mot naboen 67, 59 eller 57 meter?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen